

**Fra:** Jon Askeland  
**Sendt:** 1. september 2014 14:13  
**Til:** Lena Kristin Bø Nilsen; jarle.landaas@radoy.kommune.no ; Postmottak Radøy  
**Emne:** SV: Spørsmål til politikarane og administrasjonen i Radøy

Hei!

No er kanskje svar på spørsmålet litt mindre relevant enn før helga, sidan partane i mellomtida er blitt samde.

Det konkrete forhandlingsmandatet er det styret som har gitt. Men, kommunane fekk skisse til årets lønsoppgjer til høyring, gjennom det årlege debatheftet frå KS. Radøy gav ikkje særlege merknader til dette.

Vidare var lønsoppgjer som vanleg tema på KS sine fylkesmøter i vår. Der var det brei semje om hovudpunkta som var nemnt om arbeidstidsordningar - men igjen, det vart ikkje gått i detalj på forhandlingspunkt og mandat, me vart presentert det overordna biletet.

Det som kanskje er nærliggjande å drøfta, er korleis kommunane forhold seg til KS når det røyner på. KS er ein medlemsorganisasjon der styrande organa er politisk samansett, og retninga til KS utgår frå det politiske fleirtalet. Under ei konflikt som den ein no var gjennom, så kan ikkje einskildkommunar påleggja KS endringar i mandat. I så fall måtte KS-styret innkalt til nye fylkesrådsmøter og bede om nye signal. Slik sett er begge partane like i den konflikta ein har vore gjennom.

Utover dette går eg ikkje i detalj her om arbeidstidsordninga for lærarane, anna enn å seia at der var nyansar som ikkje kom fram under konflikta. Eg er glad for at partane kom til semje, for open strid er ikkje noko godt forhandlingsklima for gode løysingar til å betra skulen.

Med helsing  
Jon Askeland  
Ordførar  
Radøy kommune  
Tlf 47 45 97 20  
Tlf 56 34 90 10  
[WWW.radoy.kommune.no](http://WWW.radoy.kommune.no)

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Lena Kristin Bø Nilsen [<mailto:lennil238@hotmail.com>]  
Sendt: 29. august 2014 20:03  
Til: Jon Askeland; [jarle.landaas@radoy.kommune.no](mailto:jarle.landaas@radoy.kommune.no) ; Postmottak Radøy  
Emne: Spørsmål til politikarane og administrasjonen i Radøy

Som mor til ein elev i Radøyskulen vil eg ha svar på følgjande:

1. På kva måte har Radøy kommune handsama KS sitt forhandlingsmandat i forhold til lærarane si arbeidstid, politisk og administrativt?

2. Stiller Radøy kommune seg bak KS sitt forhandlingsmandat? Om ikkje, kva har kommunen tenkt å gjere for å rette opp i saka?

I følge NRK er forhandlingsmandatet om lag slik: " - dagens skille mellom arbeidsplanfestet tid og selvstendig tid oppheves.

- Et mindre komprimert arbeidsår.

- endring/oppmyking av systemet med årsrammer for undervisning."

Etter underteikna si oppfatning vil eit slik mandat rasere skulen og skuletilbodet for elevane, både på kort og lang sikt.

Ser fram til svar.

Mvh Lena Bø Nilsen